

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
611.2	Knut Øyjordet	28.01.19	2/19

## **SØKNAD OM BRUK AV TERRENG FOR KLUBBMESTERSKAP – GUDBRANDSDAL FUGLEHUNDKLUBB**

### *Saksdokument:*

Søknad frå Gudbrandsdal fuglehundklubb av 20.01.19.

### *Saksutgreiing:*

Gudbrandsdal fuglehundklubb søker om å disponere terreng i Sjudalen til gjennomføring av klubbmesterskap 2. februar 2019. Klubben reknar med at det blir ca. 20 ekvipasjer.

### **Vedtak:**

Gudbrandsdal fuglehundklubb får løyve til å nytte Langmorkje statsallmenning (i Sjudalen) for å arrangere klubbmesterskap den 2. februar 2019. Løyvet gjeld ikkje innafor grensene for Jotunheimen nasjonalpark og andre mindre verneområde i Sjudalen.

Klubben kan sjølv velja område i Sjudalen for dei ulike partia. Dette fordi det ofte kan vera lokale variasjonar i vær- og føreforhold. Fjellstyret minnar om at det kan foregå småviltjakt utan hund og vanleg trening med fuglehund, og ber om at det blir teke omsyn til dette.

Det skal betalast ei avgift til fjellstyret på kr. 60,- per hund per dag. Det skal sendast ein rapport etter klubbmesterskapet, med opplysningar om m.a. talet på deltakande hundar, kva for område som er brukt og observasjonar av rype.

### *Rett utskrift. Går til:*

Gudbrandsdal fuglehundklubb v/Kjersti Reksen

Etter fullmakt

Knut Øyjordet  
Dagleg leder

### *Kopi til:*

Vågå Tamrein AS v/Pål Grev